

# Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2022/6761-3

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 30.06.2022

Utval

Utvalssak

Møtedato

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

## Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Søknad om motorferdsel knytt til nytt utsiktspunkt - Ekehaug Maskin AS

### Innstilling frå forvaltar

Ekehaug Maskin AS får dispensasjon for bruk av helikopter for transport av materialar og utstyr for etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, for bruk av bil på Vettisvegen og for bruk av gravemaskiner, beltedumper og kompressor. Dispensasjon for bruk av helikopter og anleggsmaskiner er gjeven med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ. Dispensasjon for bruk av personbilar på Vettisvegen er gjeven med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 bokstav I.

Dispensasjonen er gjeven med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld i perioden 15. august – 31. oktober 2022, men ved dårleg flyver kan transporten utvidast med ei veke.
- Transporten med helikopter og bil skal avgrensast til det antal turar som er strengt naudsynt for å få gjennomført tiltaket.
- Dispensasjonen gjeld transport av anleggsarbeidarar med personbil på Vettisvegen.
- Dispensasjonen gjeld helikopter med inntil 1200 kg løftekapasitet: Inntil 10 dagar med 1-3 timer flyging pr dag.
- Dispensasjonen gjeld helikopter med inntil 4000 kg løftekapasitet: 1 dag, inntil 2 timar.
- Dispensasjonen gjeld bruk av 2 små gravemaskiner, inntil 3,5 tonn, 1 liten beltedumper og 1 stk. dieseldriven kompressor ved sjølve utsiktspunktet.
- 3 tonns maskin og beltedumper skal nyttast på avgrensa område ved utsiktspunktet, jf. kart vedlagt søknaden.
- 1,2 tonns gravemaskin kan nyttast 1 tur langs ny sti for å grave hol til fundament for nytt sikringsgjerde (jf. kart vedlagt søknaden). Ved fare for å skade sårbar vegetasjon skal haldhanden bor nyttast i staden, evt. skal det gjerast førebyggjande tiltak for å unngå terrengskade.
- Dispensasjon for bruk av 2-3 personbilar på Vettisvegen for transport av anleggsarbeidarar, tilsyn og uføresett. Gjeld i hovudsak innkøyring måndag og utkøyring torsdag ettermiddag i arbeidsperioden. Køyring på Vettisvegen skal samordnast i størst mogleg grad, slik at ein ikkje parkerer fleire bilar enn strengt nødvendig innan landskapsvernområdet. Registreringsnummer på bilane som vert nytta sendast inn til forvaltninga på førehand.

- Innflyging med helikopter skal skje kortaste veg frå Sletterust.
- Dispensasjonen gjeld for vekedagar, ikkje helg.
- SNO v/ Rigmor Solem er varsla om tidsperioder for transporten ved kopi av vedtaket. Kontaktinformasjon til SNO mobilnr. 959 65 158, eller e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no).
- Dispensasjonen skal takast med ved køyring/flyging og visast ved kontroll.
- Ein enkel rapport om utført oppdrag (tal hiv m.m) skal sendast til nasjonalparkforvaltar ved e-post innan 1. desember 2022.

Motorisert ferdsel i utmark skal også vere godkjent av kommunen, som forvaltingsmyndigheit etter motorferdsellova. Bruk av personbil på Vettisvegen må godkjennast av kommunen i medhald av reglar for Vettisvegen. Det er vidare ein føresetnad at grunneigar ikkje har innvendingar.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad om motorferdsel knytt til etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen av 23.06.22
- Telefonsamtale med Øyving Dyrdal den 23.06.22 om tilleggsopplysningar til søknad

## Søknad

**Ekehaug Maskin AS** er tildelt arbeidet med å etablere ny utsiktsplattform ved Vettisfossen.

*Me søker herved om å få nytte vegen mellom Hjelle og Vetti gard med personbiler til arbeidskjøring. Parkering av personbiler vert utført på tilviste områder rett før Vetti gard.*

*Me søker om å få nytte 2 små gravemaskiner inntil 3,5 tonn, 1 liten beltedumper og 1 stk dieseldrevet kompressor oppe ved utsiktspunktet mot Vettisfossen. 3 tonns maskin og beltedumper vert nytta på eit svært begrensa område ved utsiktspunktet (sjå vedlagt kart). 1,2 tonns gravemaskin kan bli nytta 1 tur lags ny sti for å grave hull til fundament for nytt sikringsgjerde (sjå vedlagt kart). Dieseldrevet kompressor vert plassert med helikopter på strekket langs ny sti. Denne vert nytta for å borre hol til fjellbolter for nytt sikringsgjerde og fjellbolter til fundament for nytt utsiktspunkt.*


*Me søker om å få nytte helikopter med inntil 1200 kg løftekapasitet for å fly mellom Sletterust og utsiktspunkt ved Vettisfossen. Maskiner, anleggsbrakker og diverse materiell i forbindelse med anleggs-arbeidet er tenkt transportert med helikopter. Anslått flytid: Inntil 10 dager med 1-3 timer flyging pr dag.*

Me søker om å få nytte helikopter med inntil 4000 kg løftekapasitet i 1 dag, inntil 2 timer flyging. Sjølv utsiktsplattforma vert sveisa mest mulig ferdig på verkstad, og er derfor av ei slik vekt at eit større helikopter må nyttast. All helikopterflyging er tenkt utført frå Sletterust. Alle hiv er tenkt mottat og levert på tilviste område ved utsiktspunktet, riggplass blir etablert i bakkant av utsiktspunktet som vist i bilete nedanfor:

All planlagt motorferdsel er tenkt utført i perioden 15.08.2022 – 31.10.2022

### Kart vedlagt søknaden

Kartet viser avgrensa område for bruk av 3 tonns gravemaskin og beltedumper, samt trase der det er aktuelt å nytte 1,2 tonns gravemaskin 1 tur og kompressor.



### Tilleggsopplysninger gitt i telefonsamtale

Øyvind Dyrdal opplyser i telefonsamtale med forvaltar den 23.06.22 at det er behov for bruk av 2-3 arbeidsbilar på Vettisvegen for inn-/uttransport av personell og evt. tilleggsutstyr/diverse i arbeidsperioden, og dersom uføresett skulle dukke opp. I all hovudsak er det snakk om innkøyring måndag og utkøyring torsdag ettermiddag.

### Saksopplysningar

Vettisfossen er Norges høgste frie, uregulerte fossefall, og har trekt til seg turistar til dette området i Årdal kommune sidan tidleg på 1900-tallet. Fossen vart freda mot kraftutbygging i 1924, og det har vore ei utsiktsplattform for publikum oppe på kanten av juvet mot Utladalen lenge før området vart verna som landskapsvernområde.

Dagens installasjonar, plattform og gjerde, i treverk er i så dårleg forfatning at dei må rivast.

Det er utført eit forprosjekt med geologivurderingar som viser at dagens anlegg og sti fram til utsiktspunktet dels ligg på eit overheng med sprekker ut mot Utladalen. Det er difor vurdert som nødvendig å trekke stien vekk frå kanten mot juvet og bygge den nye plattformen på trygg grunn, like aust for den gamle trekonstruksjonen. Formålet med tiltaket er å gi publikum ein trygg plass for å betrakte Vettisfossen, og å styre ferdsla i området på en slik måte at ein også tek vare på verneverdiane i området.

Det skal byggast ei ny utsiktsplattform i cortenstål og settast opp nytt rekkverk langs stien ut mot plattformen. I tillegg kjem tre skilt i cortenstål.

Planskisser og teikningar er utarbeidd av Dronninga Landskap AS. Konstruksjonsteikningar for plattformen er utarbeidd av DIFK Kosche AS. Ingeniør Tore Valstad har gjort geotekniske vurderingar, og laga plan for fundamentering av utsiktspunktet.

Planlagt gjennomføring er seinsommar og hausten, frå midten av august – oktober 2022.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av vedtekter sist revidert fra 01.01.2020. Styret har i møte 11.05.16 delegert til nasjonalparkforvalter å gjøre vedtak i kurante saker etter de spesifiserte dispensasjonsreglene og i saker etter nml § 48 med etablert forvaltningspraksis.

### Verneformål – forskrift

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er *«å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *---*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslie til høg fjell og artar knytte til desse.*
- *---*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.1, set forbod mot all motorferdsel, inkludert start og landing med luftartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.

§ 3 pkt. 6.3 l) opnar for at forvaltningsmyndigheita kan gi løyve til *«Motorferdsel på Gravdalsvegen og Vettisvegen i andre høve enn nemnt i pkt. 6.2 g) og h).»*

Omsøkte tilfelle som gjeld transport av anleggsarbeidarar på Vettisvegen er ikkje omfatta av § 3 pk. 6.2 g) eller h).

Det er ikkje nokon spesifisert unntaksheimel i verneforskrifta for motorferdsel knytt til etablering av nye anlegg og innretningar i verneområdet slik som i dette tilfellet. Søknaden om bruk av helikopter, bruk av gravemaskiner, beltedumper og kompressor må difor handsamast etter verneforskrifta § 4, første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ. Det er strenge vilkår knytt til dispensasjon etter denne regelen:

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon evt. kan vurderast, men åpnar for tiltak som *«ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig»*. Begge vilkåra må vere oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styresmakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fanga opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Rettleiar frå Miljødirektoratet M106-2014 - Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter - viser m.a. til følgjande når det gjeld bruk av § 48 som unntaksregel:

*.. Tiltaket eller aktiviteten vil være i strid med verneformålet dersom en tillatelse vurderes å ha en negativ påvirkning på verneformålet samlet sett.*

Dispensasjon for etablering av nytt utsiktspunkt følgjer av eigen dispensasjon, Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon – 2021 – Etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen – Stiftinga Utladalen Naturhus, datert 06.11.21.

Saka er teke til handsaming etter delegert mynde i samband med vedtak gjort av formannskapet i Årdal kommune i sak 077/22.



«Kommunedirektøren gjev i samsvar med § 19-2 i plan- og bygningslova dispensasjon for oppføring av nytt Utsiktspunkt Vettisfossen, som omsøkt i søknad frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen v/Statsforvaltaren i Innlandet, datert 24.05.2022.

Dispensasjonen er grunna i at nytt utsiktspunkt erstattar eksisterande, samtidig som det ikkje set til sides formålet med landskapsvernet. Omsynet til tryggleik vert ivareteke.»


## Forvaltningsplan (retteleiane utkast)

I følgje forvaltningsplanen er det eit mål å halde den motoriserte ferdsla i nasjonalparken og landskapsvernområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Vidare vil det i tråd med forvaltningsplanen m.a. vere eit vilkår for motorisert ferdsel at:

- «transportbehova skal samordnast»
- ..
- « Det vil vere vanskelegare å få løyve til motorisert ferdsel innanfor vernesonene samanlikna med brukssonene.»

Forvaltningsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å ta vare på områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktivitetar. Hurrungane ligg i grøn sone med svært streng dispensasjonspraksis, og søknader her blir i all hovudsak avslått. Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen:

## komprim



Vettisfossen ligg i gul sone, brukssone teig 11.

I forvaltingsplanen står m.a. følgjande om soneinndelinga: «Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar brukssona dei områda som ikkje er omfatta av urørt natur. Den overordna strategien for brukssona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen (vår understreking).

Vidare står det om «brukssone»: «Dette er område der forsiktige tiltak, tilrettelegging og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast, som merking av stiar og bygging av sjølvbetjente/ubetjente turlagshytter innanfor eit planlagt rutenett.»

## **Naturmangfaldlova**

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal vurderast i alle dispensasjonssaker.

## **Presedens**

Presedensverknaden av å etablere eit nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen er vurdert i sak 39/2021 handsama av nasjonalparkstyret: Utladalen landskapsvernområde – Dispensasjon – 2021 – Etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen – Stiftinga Utladalen Naturhus:

«Eksisterande plattform og gjerde langs stupkanten var etablert lenge før vernet, og noko må gjerast med dei forfalne konstruksjonane. Ein vurderer at omsøkte tiltak samla sett vil vere til det beste for verneformålet og verneverdiane ved at ein får redusert, og aller helst fjerna omfattande slitasje på vegetasjonen i området. Ein får styrt ferdsla til eit bestemt punkt og slik sett minimert den forstyrrande effekten på rovfugl frå folk som ferdast langs heile kanten av fossejuvet, samstundes som ein varetek tryggleiken for folk som ferdast i området. Det er ikkje andre liknande installasjonar innanfor Jotunheimen nasjonalpark eller Utladalen landskapsvernområde. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det kan finnast slike konstruksjonar innanfor andre verneområde, men med dei geologiske forholda med sprekkdanningar i området som gjer at folk ferdast svært farefullt langs kanten av juvet, meiner ein at dette er eit heilt spesielt tilfelle. Ein kan ikkje lata vere å gjere noko for å styre ferdsla, og ein ser tiltaket som det er søkt om løyve til som den einaste, og beste løysinga av omsyn til både verneverdiar i området og verneformålet. Nasjonalparkstyret meiner difor at tiltaket ikkje vil skape uheldig presedens.»

Vurderinga av presedensverknaden vert tilsvarande for naudsynt motorferdsel knytt til byggearbeidet på utsiktspunktet. Forvaltar meiner bruk av helikopter og bil på Vettisvegen, samt anleggsmaskiner slik det er søkt om, er eit heilt særskilt tilfelle og nødvendig for å kunne etablere det nye utsiktspunktet. Tiltaket vil difor ikkje skape uheldig presedens.


## **Vurdering**

Ekehaug Maskin AS søker om løyve til motorferdsel for etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen som opplyst i søknaden. Transporten er nøye planlagt. Transport av personell vil skje på Vettisvegen. Transport av materialar og utstyr vil skje frå Sletterust, kortaste veg til utsiktspunktet ved Vettisfossen. Det blir rydda riggplass/plass for landing markert med blå sirkel på flyfoto nedanfor:





Kartutsnittet nedanfor viser Sletterustområdet i forhold til Vettisfossen.



I tillegg til helikoptertransport og transport med personbil på Vettisvegen er det søkt om løyve til bruk av 2 små gravemaskiner, inntil 3,5 tonn, 1 liten beltedumper og 1 stk. dieseldriven kompressor ved sjølve utsiktspunktet for å kune gjennomføra byggearbeidet. 3 tons maskin og beltedumper skal nyttast på avgrensa område ved utsiktspunktet, jf. kart vedlagt søknaden. 1,2 tonns gravemaskin vil bli nyttast 1 tur langs ny sti for å grave hol til fundament for nytt sikringsgjerde (jf. kart vedlagt søknaden).

Tiltaket må vurderast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 4, første alternativ, jf. nml. § 48 ørste ledd, første alternativ. Ein må då først ta stilling til om vilkåra er

oppfylt. Vilkåra føreset at tiltaket ikkje er i strid med formålet med vernevedtaket og at det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig (vår understreking). Det vi seie at det kan berre dispenserast i dei tilfella tiltaket vil ha ubetydeleg eller avgrensa verknad for verneverdiane.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (nml. § 8) m.a. gjennom naturbase, økologisk grunnkart, Framlegg til skjøtselsplan av 08.05.2013, og sårbarheitsvurdering i området Vest-Jotunheimen/Utladalen (Kistefoss Skogtjenester 2018). Sistnemnde kartlegging er gjort med særleg fokus på rovfugl. Helikopter vil kunne forstyrre fugl og vilt, og dette kan vere særleg uheldig i hekke- og ynglesesongen. Utsiktspunktet er ikkje innanfor leveområde for villrein. I dette tilfellet er det ut frå føre-var-hensyn planlagt at byggearbeid og transport berre kan føregå etter den mest sårbare tida for hekkande rovfugl, og seint i turistsesongen, dvs. frå midten av august til ut oktober. Sjølv om det er lite gunstig at tiltaket vert gjennomført i jakttida for hjortevilt, er anleggsarbeidet inkl. helikopterflyginga etter ei totalvurdering planlagt til den mest gunstige tida av omsyn til verneformål og verneverdiar i området. Planlagt motorferdsel knytt til anleggsarbeidet, inkl. helikoptertransporten vil kunne verke forstyrrende for folk, men det vil bli godt informert med plakatar ved p-plassen på Hjelle, i Skåri, Vetti, ved Morka-Koldedøla og i stikryss frå Skogadalsbøen om at det pågår anleggsarbeid i området og at utsiktspunktet vil vera stengt i byggeperioden. Tilsvarande informasjon vil bli gitt på heimesida og facebookside for Jotunheimen nasjonalparki, og i lokalavisene. Ein tek også sikte på å få lagt ut obs-varsel på Ut.no. Så lenge helikoptertransporten kjem inn frå Sletterust, og med vilkår om å avgrense flyging og persontransport på Vettisvegen i tid og rom, vil påverknaden vere akseptabel. Anslått flytid med helikopter med inntil 1200 kg løftekapasitet er inntil 10 dagar med 1-3 timar flyging pr. dag. Anslått flytid med helikopter med inntil 4000 kg løftekapasitet er 1 dag, inntil 2 timar flyging. Det blir sett vilkår om å avgrense transporten til det tal turar som er naudsynt for å gjennomføre byggearbeidet. Ved å avgrense helikopterbruken og bruk av anleggsmaskiner som gitt i vilkåra, til brukssona, meiner forvaltar at sannsynet for unødig forstyring av vilt er akseptabel (jf. nml. § 9). Samla sett vurderer ein at gjennomføring av tiltaket har positive verknader då ein får kanalisert ferdsla i området på ein måte som ivaretek verneformål og verneverdiar, samstundes som ein legg til rette for trygg ferdsel for dei besøkande. Ein er ikkje kjend med at andre liknande tiltak er under planlegging innanfor verneområde. Transporten er godt planlagt og søkt minimert så langt det let seg gjere (jf. nml. § 10).

Forvaltningsmyndigheita følgjer ein generelt streng praksis når det gjeld motorferdsel, og samla belastning blir vurdert som akseptabel for tiltak der nytteverdi blir vurdert som klart større enn ulempene.

Tiltaket medfører ikkje øydelegging av natur, og naturmangfaldlova § 11 blir difor ikkje vurdert nærare. Bruk av helikopter og persontransport på Vettisvegen er den einaste aktuelle transportmetoden i dette tilfellet. Transporten blir planlagt slik at tidsrom med støy blir så kort som mogleg. Dersom fare for terrengskader ved bruk av 1 tonns gravemaskin for fundamentering av gjerde langs den nye stitraseen, skal det nyttast handhalde bor i staden. Evt. gjerast førebyggjande tiltak for å unngå terrengskade (jf. nml. § 12 om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

## **Konklusjon**

Med dei vilkåra som blir sett for løyvet, vurderer forvaltar at dispensasjonen ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig og at dei ikkje er i strid med verneformålet. I dette tilfellet meiner forvaltar at nytteverdien av tiltaket er klart større enn ulempene då støyen fra helikopteret er av forbigående karakter.

Med bakgrunn i vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta vurderer forvaltar at det kan gjevast dispensasjon til bruk av helikopter slik det er søkt om.